

Reguleringsføresegner for del av gnr. 120, bnr. 3 ved Dalåi i Tokke kommune

PlanID 2013002

Formannskapetets vedtak: 14.05.13, sak 13/31

Kommunestyrets vedtak: 14.05.13, sak 13/39

Mindre endring: 12.06.13, sak 13/28

Føresegnene gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet.

Føresegnene er gjevne i medhald av Plan- og bygningslova § 12-7.

§ 1 Formål

Formålet med planen er å regulere til rette for etablering av masseuttak/-deponi med tilhøyrande tilkomstveg på del av gnr. 120, bnr. 3 ved Dalåi i Tokke kommune.

§ 2 Generelt

Reguleringsføresmål (PBL§ 25)

Området regulerast til følgjande formål etter til plan- og bygningslovens (PBL) § 12 – 5:

- | | |
|---------------|--|
| PBL § 12-5,1 | <u>Bygningar og anlegg</u> <ul style="list-style-type: none">- Masseuttak/-deponi (Andre typar bygg og anlegg) |
| PBL § 12-5, 5 | <u>Landbruks-, natur- og friluftslivformål</u> <ul style="list-style-type: none">- LNF – generelt |
| PBL § 12-5, 5 | <u>Hensynssoner</u> <ul style="list-style-type: none">- Bevaring av naturmiljø- Faresone - skred |

§ 3 Fellesføresegner

- 3.1. Etter at reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje tillete med privat avtaler å etablere forhold som er i strid med føresegnene.
- 3.2. Etter avslutta drift går området attende til landsbruks, natur og friluftslivsformål LNF.
- 3.3. Tilkomstvegen stengast av med bom.

§ 4 Bygningar og anlegg - massedeponi

- 4.1. I deponiet skal det kun deponerast reine masser som stein, jord, sand, grus og leire. Massane skal ikkje innehalde organisk, biologisk eller kjemisk materiale.
- 4.2. Det skal gjennom ein mottaksprotokoll sikrast og dokumenterast at dei deponerte massane er reine. Dokumentasjon skal på førespurnad kunne leggest fram for kommunen.

Avslutning av deponiet

- 4.3. Området skal være avslutta og sett i stand seinast 25 år etter oppstart, med moglegheit til forlenging. Dette må søkast kommunen om.
- 4.4. Deponiet skal dekkast til med et toppdekke med reine jordmasser av ulike kvalitet, men utan stein og røter. Det skal plantes til med skog.
- 4.5. Terrenget skal stige sørover, med maksimal stigning på 1:3. Høgda for oppfylling skal i alle høve ikkje overstige høgda på eksisterande terreng.
- 4.6. Ved avslutning av deponiet, eller ein avgrensa del av dette skal det meldast frå til kommunen.

Opningstid

- 4.7. Opningstida for massedeponiet er avgrensa til kvardag, måndag til og med fredag mellom kl. 07.00 og 22.00. Massedeponiet skal vere betjent når det er ope.
- 4.8. Det er ikkje tillat kjøring med tyngre kjøretøy til og frå deponiet i helger eller i offentlege høgtider. Med tyngre kjøretøy meinast her lastebilar, vogntog, semitrailer og liknande transportmiddel, som nyttast til massetransport til og frå deponiet.

§ 5 Landbruks-, natur- og friluftsområde

Landbruk

Ingen føresegner.

§ 6 Hensynssoner

Bevaring av naturmiljø

I hensynssona er det ikkje tillat fjerning av vegetasjon eller masser. Som sikring kan det leggest steinmasser i kanten mot masseutaket og etablerast en liten voll med store stein i botn.

Faresone

I faresona kan det ikkje etablerast bygningar for varig opphald.